

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Jan Oddvar Gjerde, Henrik Aasved, Astrid Gytri, Anne Marie Auestad, Merete Hauge, Karl Olaf Sundfør, Sigrun Marit Hansen, Atle Lunde, Sonja Ljostveit, Joe Aseerwatham.

Møteleiar: Jan Oddvar Gjerde

Sekretær: Lene Lie

Møtedato: 30.11.2022

Klokkeslett: 09.45 – 14.45

Møtenr.: 10/22

Møtestad: Møterom Tinghaug, Nådlandskroken 11, Forus. Digital oppkopling: Join 997112

Saksnr	Emne	Ansvarleg
66/22	Godkjenning av innkalling og melding av eventuelt-saker. Innkallinga blei godkjent og ei sak meldt til eventuelt.	Leiar
67/22	Godkjenning av referat frå førre møte Referatet blei godkjent.	Leiar
68/22	<p>Link til styresaker: https://helse-vest.no/om-oss/styredokument-skriv-og-meldingar</p> <p>Erik Hansen presenterte betraktninger rundt dataløysinga i Helse Midt-Norge. Presentasjonen er lagt ved.</p> <p><u>Innspel i møtet:</u> Styresak 117 - Riksrevisjonen sin rapport om regional handlingsplan for informasjonssikkerhet. Helse Vest er betre stilt i dag enn før riskrevisjonen sin rapport.</p> <p>Styret si eigenevaluering – skjema frå 2011 vert nytta. Forskrift om kvalitet og pasientsikkerhet for 2017 om korleis drive helseføretak er ikkje tatt inn i styret sin eigenevaluering.</p> <p>Midt-Noreg får eit fortrinn i samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Men noko som heiter velferdsteknologisk knutepunkt, vil gi oss moglegheit til å delta med digital heimeoppfølging.</p> <p>Det er sagt at forsikringsselskapa ikkje skal få tilgang til pasienten sin journal, men dette er ofte ei føresetnad for å få forsikring. Dette vil slå ulikt inn for ulike pasientgrupper. Korleis tenker ein rundt desse tinga? Utgangspunkt for å få tilgang til tenestene er tenestlige behov, det vil seie at forsikringsselskapa ikkje får tilgang til meir informasjon enn dei har behov for. Teknologar er ikkje tungt inne i disse vurderingane, men skal ivareta at dei som får</p>	Erik Hansen

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	opplysningar har tenestlig behov, og at innsyn blir logga. Teknologien er der for å beskytte.	
69/22	<p>Brev/invitasjonar/høyringar til/frå brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forskningsrådet og KS inviterer til konferanse 25. november kl. 0900-1330 (sendt RBU 14. nov.). • Spørsmål om revisjonen famnar dei private, ideelle institusjonane – svar frå internrevisjonen (sendt RBU 10. nov.). • Oppmoding til innspel til revidering av plan for internrevisjon (sendt RBU 1. nov.). • Brukeropplæring i spesialisthelsetjenesten – Bergen 13. – 15. januar 2023 (FFO Vestland – påmeldingsfrist: 22. desember). • Unntaksordninga for Nye metodar (inter-regionalt) (Vedlegg 3 - 7). Innspel i møtet. • HOD – innspel oppdragsdokument (Vedlegg 9). 	Leiar
70/22	<p>Deltaking i prosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppdrag sikkerhetspsykiatri- invitasjon til deltaking i referansegruppe (Kontakt: Stine Kilden, OuS. Inter-regionalt). Astrid Gytri er oppnemnt. • Gjennomgang av prosjekta – prosjektoversikt er sendt ut separat med frist for tilbakemelding mandag 19. desember. 	Leiar
71/22	<p>Unntaksordning for Nye metodar Baard-Christian deltok digitalt for å svare på spørsmål.</p> <p>Det meste står i saksdokumenta som er lagt ved. Opprinneleg blei det laga ein plan med ein inter-regional arbeidsgruppe. I tillegg blei det bestemt at to brukarrepresentantar skulle møte i inter-regionalt fagdirektørmøte. RBU er nå med for å kome med innspel. Deretter går det vidare til inter-regionalt AD-møte som ferdigstiller svar til departementet.</p> <p>Det finst skilnadar i praktisering av ordninga. Ein kan få unntak for å innføre metodar som ennå er under vurdering. Det kan søkast om <u>gruppeunntak</u> for metodar som allereie er i bruk, eller metodar som ser så lovande ut at ein ikkje ønskje å vente. <u>Einskildpersonar</u> kan be om unntak etter at Beslutningsforum har sagt nei. Dette er eit komplisert felt med mykje jus.</p> <p>Det som prinsipielt kan være vanskeleg, er om avgjerda skal tas sentralt eller desentralt. Helse Vest ber om skriftleg innspel frå RBU.</p> <p>Det blei gitt tilbakemelding om at brukarmedverknad er kopla på veldig seint. Sjølve saka er godt belyst. Kommenterarar i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det absolutte kravet om markedsføringstillatelse er litt firkanta. 	Baard-Christian Schem

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	<ul style="list-style-type: none"> - Forslaget om gruppeunntak er veldig bra. - Det bør være brukarmedverknad på gruppeunntak, men ikkje for unntak til enkeltpersonar. <p>Korleis kan ein trekke inn erfaringar frå andre land eller andre som har kome lenger i nye metodar generelt? Det er meir eit spørsmål om korleis ein skal utvikle nye metodar. Ein bør ha samarbeide med Skandinaviske land i første omgang, spesielt Danmark som er ganske likt organisert som oss.</p> <p><u>Konklusjon</u>: RBU sender eit skriftleg svar. Henrik sender ut til resten av RBU med kort høyringsfrist.</p>	
72/22	<p>Felles tilvisingsmottak i psykisk helsevern</p> <p>Bakgrunnen for ein veg inn i psykisk helsevern var manglande oversikt over ventetider og tilgjengelegheit til privatpraktiserande psykologar og psykiatrar. Prioriteringa blei gjort av den einskilde behandler. Alle tilvisingar i psykisk helsevern skal no sendast direkte til helseføretaka.</p> <p>Det blei spurt om helseføretaka har den kapasiteten som skal til for å vurdere tilvisingane. Dette er noko uklart.</p> <p>Det kom òg spørsmål om dei som får avslag har klagerett og korleis apparatet følgjer opp dei som får avslag. Det blei sagt at dei som får avslag frå helseføretaket eventuelt kan få hjelp på eit lågare omsorgsnivå, og at det blir opptil kommunane å gje eit tilfredsstillande tilbod ved avslag.</p> <p>Det er opptil det einskilde føretak som sit og vurderer tilvisingane å ta stilling til om pasienten har rett til helsehjelp i spesialisthelsetenesta. Helse Vest kan ikkje overprøve dette. Klageinstans er Statsforvaltaren (tidlegare Fylkeslegen).</p> <p>Presentasjonen er lagt ved.</p>	Torleiv Bergland
73/22	<ul style="list-style-type: none"> • Brukarmedverknad i RHF-a sin strategigruppe for forskning <p>Inter-regionalt Samarbeidsorgan for forskning og innovasjon, kor dei møter mellom anna HOD. Her blir strategiar lagde. Det er uheldig at brukarar ikkje er med på dette strategiske nivået. Ein bør diskutere korleis brukarane kan komme i posisjon for å delta i den strategiske tenkinga. Opplever å bli høyrte og respektert i Samarbeidsorganet for forskning og innovasjon, men interne omsyn i føretaka blir dessverre opplevd å veie tyngre enn det som er viktig for pasientane/ brukarane.</p> <p>Det kom forslag om at RBU støtter det som blei sagt. Dette er eit område kor ein bør gå inn og sjå kva som kan gjerast, både i RBU og i samarbeid med dei andre RBU-a.</p>	Merete

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	<p><u>Konklusjon:</u> Lage eit avsnitt om dette i årleg melding, og at det tas vidare i RBU.</p>	
74/22	<p>RBU sin time</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppsummering etter møte med HOD (vedlegg 9). <p>Sak om likeverdig behandling er ei stor sak som må følgjast opp vidare. Det kjem ikkje referat frå dette møtet. Saka frå IRBU til HOD er lagt ved referatet.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Jan Oddvar finn frem namn på dei som deltok i møtet og sender over til RBU.</p> <p>Dei som deltok i møtet med HOD 22.11.2022 var følgjande: Tone Holbæk, Kari Grette og Torunn Omland Grandlund. Førstnemnte leia møtet. Andres Haga var den som koordinerte innkalling og det praktiske i forkant av møtet.</p>	Leiar
EVT	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skriv frå leiar i ungdomsrådet på SUS. <p>Leiar av ungdomsrådet på SUS er med i gruppe for CFS/ME. Ho etterlyser ei forventningsavklaring når ein er med i denne typen grupper. Det er viktig at brukarane tas med i oppretting av mandata, for å få den rette typen brukarrepresentasjon. Det andre er kor mange representantar det skal være i desse gruppene. RBU har foreslått 2 personar frå ungdomsråda, då ungdom treng å sparre med nokon på sin eigen alder i tillegg til brukarrepresentant frå RBU.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Problemstillinga tas vidare. RBU skal sjå nærare på om det er hensiktsmessige initiativ og ta i fortsettinga.</p> <p>Det blei til slutt ei markering på at det var siste møte for noverande RBU.</p>	Merete

Saker under arbeid:

Sak	Ansvar	Tidsfrist
Medlemmene ønsker informasjon om Helse Vest forskingsmidlar.	Sekretariatet tar kontakt med Sølvi Lurfald, Helse Bergen.	Utsatt
Innovasjonsprosjekt (sjå sak 11/20)	Lena Forgaard	Ikkje bestemt
Styringsverktøya – Vestsida (sak 11/20)	Hilde Christiansen	Ikkje bestemt
Orientering til RBU om medarbeidarundersøking gjort etter covid-19.	Hilde Christiansen/Bjørn Ivar Bø	Utsatt
eMeistring	Carina Mæland	Utsatt
Barn og unges helseteneste	Carina Mæland	Utsatt
Kunstig intelligens	Ola Jøsendal	Utsatt
Orientering på området hørsel		
Sikkerheitspsykiatri – oppnemning av brukarrepresentant. Orientering om arbeidet og kva en kan forvente.	Carina Mæland	Haut 2022
Gjennomgang av planer for korleis spesialisthelsetenesta skal sikre tilstrekkelig personell med riktig kompetanse i eit 10-års perspektiv.	Hilde Christiansen	Ikkje bestemt

NB!- Møteinnkalling blir sendt ut ei veke før møtet, slik at dersom dykk ønsker å ta opp saker må dette meldast til leiar og sekretær av RBU innan den tid slik at det kjem på agendaen.

Regionalt brukarutval har eit eget elektronisk møterom (videosamtale). Alle i brukarutvalet kan bruka møterommet ved behov. Gå inn på nettleser og skriv: [Join.nhn.no](https://join.nhn.no) og ring: 996004.